



**RETNINGSLINER FOR
FORDELING AV POTT FOR FELLESTILTAK**

Vedteke av Nissedal kommunestyre den 2. november 2017, sak nr. 73/17.

Nissedal kommunestyre står kvart år fritt til å sette av ein valt sum av eigedomsskatteinntektene til pott for fellestiltak. Dette for å styrke tilbod knytt til reiseliv, friluftsliv og folkehelse.

Noko av bakgrunnen for denne fordelinga er ønsket om å føre tilbake ein del av eigedomsskatteinntektene til dei største bidragsytarane til denne inntekta.

Blir det gjort vedtak om å sette av ein sum, skal dette lysast ut i lokalaviser, på kommunen si heimeside og på sosiale media. Her skal det kome fram kven som kan søke, korleis ein søker og søknadsfrist.

Retningslinjer:

1. Tiltaka det søkas om midlar til skal treffe eit breitt publikum.
2. Tiltak som fremjar folkehelse vil bli prioritert.
3. Løyvingane skal primært nyttast til utviklingstiltak, til dømes turløyper.
4. Det er eit krav om budsjett til prosjektet det søkast på.
Rekneskap/dokumentasjon på utgifter skal sendast kommunen i etterkant.
5. Ved større løyvingar vert det forventa innskoten eigenkapital.
6. Midlane kan nyttast til publikumstiltak i kommunal regi.
7. Formannskapet deler ut midlane. Formannskapet står elles fritt til å disponere andre tiltak.
8. Vedtaka kan ikkje påklagast.